

Tillegg til sak KS-73/2018, økonomisk rapportering oktober 2018:

Prosjekt 261 Uteareal Sagstad skule, prosjekt 680 Mindre prosjekt vatn og prosjekt 690 Mindre prosjekt avlaup

Formannskapet bad i møte 28.11.2018 om meir utdjujing av prosjektstatus.

Bakgrunn for prosjektet: Økonomiplan investering 2018 – 2021 og kommunestyresak KS-26/2018, gjennomføring og finansiering.

Ramma for prosjekt 261 uteareal Sagstad skule omfattar grunnkjøp, grunnarbeid medrekna handtering av overvatn, opparbeiding av arealet, utstyr, lyssetting, ombygging av svømmehallen og oppgradering av eksisterande leikeområde som er nedslitt. Dette i tråd med kommunestyret sitt vedtak i sak KS-26/2018.

Etter at arbeidet hadde vore ute på anbod, vart det avdekka at eksisterande VA-leidningar i området burde vore skifta ut. VA-leidningane i området er gamle og har ikkje ein framtidsretta dimensjon. Dagens krav til brannvatn er heller ikkje tilfredsstillande; brannkummane i kommunen er generelt ikkje oppgradert. Det er ikkje avgjerande for prosjekt uteareal Sagstad skule, eller kritisk for leidningsnettets at det vart gjort tiltak på VA-nettet no, men på eit eller anna tidspunkt måtte leidningane ha blitt bytta ut.

Rådmannen finn det svært uheldig om deler av skuleområdet skulle gravast opp att etter nokre år; det er både dyrt og komplisert. Sidan kommunen sjølv er ansvarleg for å sørge for tilstrekkeleg sløkkjevatn til skulen, vart det beslutta å gjennomføre tiltaka på VA-nettet no når ein først var i gang med anleggsarbeid. Det er sett av to budsjettpostar i investeringsbudsjettet til mindre prosjekt vatn og avlaup. Denne ramma dekkjer behov for investeringstiltak som oppstår undervegs i budsjettåret, utan å vere planlagt i forkant.

Arbeidet med VA-leidningane er utført av same entreprenør som fekk tildelt kontrakten for utearealet til skulen. Bakgrunnen for dette er at behovet for oppgradering av VA-leidningane vart avdekka etter at kommunen hadde skrive kontrakten med entreprenøren for utearealet. Ein eventuell ny entreprenør i anlegget (t.d. ein av dei kommunen har rammeavtale med) kan mellom anna medføre at den opphavlege entreprenøren har krav på vederlagsjustering som følgje av forseinkingar, nedsett produktivitet, anna forstyrrende anleggsverksemd eller liknande.

Rådmannen har ingen indikasjonar på at rammene for prosjekta 261, 680 og 690 er for små. Dette er kort oppsummert i den økonomiske rapporten pr oktober 2018.